

AKSJON KJØKKEN 2014



Til Masfjorden Kommune

v/Ordfører

Frekhaug 22.03.14

### **Søknad om støtte til nytt kjøkken på Fjon Fjellkyrkje & Ungdomssenter.**

Bakgrunn for å søkja om ekstraordinær støtte frå Masfjorden kommune er at me i juni-juli skal i gang med totalreovering av kjøkkenet på Fjon Fjellkyrkje.

No set me i gang med det største prosjektet sidan kyrkja vart vigsla i 1987, med ei kostnadsramme på Kr 450 000,- fordelt på kr. 250 000 for innreiing/maskiner/utstyr og kr 200 000 for oppgradering av det bygningsmessige. Dette "løftet" klarar me ikkje åleine.

Me må ha kr 250 000,- i innsamla midlar og 200 000,- frå oppsparte midlar. Ein del støtte og sponsormidlar har me allereie fått, men manglar fortsatt ein del. Difor hendvender me oss til Masfjorden Kommune som har kyrkja/leirplassen i sin kommune. Det er første gongen, i alle fall sidan 1996, at me søkjer kommunen om ekstra midlar. Trongen for nytt kjøkken har tvinga seg fram- og me kunne ikkje utsetja dette lenger.

Fjon Fjellkyrkja vart vigsla i 1987 og sidan den gong har mange tusen barn, unge, eldre brukt Fjon Fjellkyrkje som overnattingstad/møteplass. Sjå meir info på [www.fjonfjellkyrkje.com](http://www.fjonfjellkyrkje.com)

Fjon Fjellkyrkje ligg fint til ved kanten av Stølsheimen og dei som brukar fjellkyrkja vår, kan nyta ein flott del av kommunen. Om det er ynskjeleg har me plass til litt reklame om kommunen. Kanskje de har reklamemateriell som kan liggja på kyrkja. Masfjorden sine konfirmantar brukar Fjon Fjellk på to årlige leirar, og dei er vortne glad i staden.

**Me håpar på snarlig positiv behandling av søknaden og søkjer herved om kr.20 000,- i støtte til "Aksjon Kjøkken 2014".**  
**Event støtte kan utbetalast til k.nr:3635.50 14732, Mrk: "Aksjon nytt kjøkken 2014".**

For behov for meir info ta kontakt med underteikna eller sokneprest Knut Fr. Sørheim.

Med venleg helsing

John Henanger  
Leiar for styret for Fjon Fjellkyrkje

Mobil:406 48 270